

ÅRSMELDING HOPLAND GRENDALAG 2022

Styret har i 2022 bestått av Linda Syslak- leiar, Bjørg Hopland - styremedl. & nestleiar, Jorunn Kårdal – kasserar, Kristian Hopland Fure - varamedl.

Samleårsmøtet for 2019, 2020 og 2021 (pga. nedstengingar under koronapandemien), vart halde i Kilstraumen onsdag 30.03.2022. Vi hadde middag før møtet tok til.

Styret har i 2022 hatt 4 ordinære styremøter, + ein del kommunikasjon på telefon/e-post.

Hopland grendalag hadde i 2022 tilsaman 88 medlemmar, fordelt på fastbuande, fritidsbustader og støttemedlemmar.

Aktivitetar i laget i 2022 :

Bytur til Heim 4 Lørdag 5.mars 2022

Vi var 36 pers på førestillinga på Det Vestnorske Teater og 32 pers til middag på Wesselstuen.

Ryddedugnad Hoplandskvernane. Lørdag 2.april 2022

5 personar deltok og det var lite å rydda ved kvernhusa då grendalaget var inne og rydda seinast i august 2021. Det vart rydda ein del langs stiane.

Matpause med fyr på grua.

Strandrydding 21.mai 2022

Vi rydda strendene og langs vegen som tidlegare år.

Vi var 23 pers på dugnad og disponerte 4 båtar.

Matpause med grilling og nysteikte lappar.

Vi leverte 2 kontainere med avfall + 4 kanner som spesialavfall.

Takk til Kristian H. Fure, Erlend Tolaas, Richard Sulen og Trygve Syslak for lån av båt, og Anita Sulen for lån av naust.

Det vart betalt ei lita godtgjersle til desse for lån, bensin og straum.

Hopland grendalag vart tildelt kr 20.000,- frå NGIR, og desse midlane vart motekne etter utført Strandrydding.

Jonsokfeiring på kaien. 23. og 24.juni 2022

Bord og benkar vart plasserte utover med god avstand, rømmegraut og hotdogs med tilbehør vart servert, og det var mulighet for grilling igjen.

Stafett for små og store, og alle borna fekk godtepose for innsatsen.☺

Spørjekonkurransen vart også gjennomført, og kaker frå Bjørg vart servert til kaffien.

Vi var samla ca 45 personar.

Véret var ikkje på vår side, og vi vart enige om å avslutte tidlig og samlast igjen neste dag til båltenning og sosialt samvere. Det var lurt! Kjempefint vér og ca 30 p samla.

Tillaging og opprydding i fellesskap.

Strandrydding, 03.sept.2022

Etter avtale med NGIR (i samband med tildelinga av midlar tidlegare i 2022), hadde vi ein ryddeaksjon også på hausten.

Vi hadde båt til disposisjon og matpause som vanleg. Ca 10 stk på dugnad.

Det vart levert ein del boss som vart henta av bossbil (ikkje samla i kontainer)

Jakob Sande kveld – Kilstraumen fredag 14.okt 2022

Førestillinga «I Jakob Sande sitt rike» var planlagt mars 2020, men vart avlyst pga Covid-restriksjonane som kom.

Hopland grendalag heldt kontakten med Torodd Fagerheim undervegs, og arrangerte konserten i Kilstraumen etter tidlegare opplegg.

Vi hadde medlemsmiddag først, med kortreist hjortegryte på menyen. Medlemspris kr 200,- for middag og konsert. 23 p til middag.

Konserten vart opna for publikum, billettpris 250,- Det var 28 p som møtte til konserten.

Ein minnerik kveld med fin tolking av Jakob Sande sin tekst.

Kveldens overrasking for Torodd Fagerheim og publikum, var «mini-konserten» som Ann Kristin S Rosendahl, Astrid Skodvin og Simen Emil Waage framførte, med tre songar av Aslaug Laastad Lygre.

Styret i grendalaget avtalte ein konsert med Torodd Fagerheim på Nordliheimen påfølgjande lørdag. Dette vart svært godt motteke, og det var heile 18 bebuarar på konserten. Dette var ei gåve frå grendalaget til Nordliheimen.

Etter kaffi og drøs på Nordliheimen, tok Jorunn og Rune med seg trubaduren på omvisning i øyane, før dei skyssa han tilbake til Vardetangen og hutigbåten.

Elles har grendalaget :

- motteke grasrotandelar frå Norsk Tipping kr. 19.934.76
- motteke kr. 3000,- i kulturmidlar frå Austrheim kommune.
- Motteke kr 20.000,- frå NGIR for strandrydding.
- Seld teltet vi kjøpte brukt i 2020. Teltet vart vurdert som altfor stort og tungt til vårt bruk 2-3 timar jonsokafta. Teltet seld til Hordabø idrettslag.
- Sendt brev til Austrheim kommune vedr. Hoplandskvernane og stiane rundt. Det har vore 2 møter; eit infomøte der leiar var kalla inn til møte med kommuneleiinga, og eit møte med kommuneleiinga og grunneigarane på Hopland. Grunneigarane skal lage arbeidsgrupper for skogsvegen og kvernhusa, og kommunen for stiane og saghanna.
Hopland grendalag har ikkje noko formell rolle i dette arbeidet, men har sagt oss villig til å stille på dugnad på eigna oppgåver.
- Kikk innom og bli medlem på Hopland grendalag på Facebook. Dette er ei lukka gruppe for medlemmane. (52 medl pr no)
Det er kun administrator (leiar) som kan leggje til nye i gruppa.
- Registrer gjerne Hopland grendalag som mottakar av grasrotandel hjå Norsk Tipping.

Før styret i Hopland grendalag, Linda Syslak, leiar.

10.03.2023